

Under andre verdskrigen var kaffi sjeldan vare, og kaffi-erstatninga som var å få tak i var basert på løvetann og erter. Ingen som hadde smakt ekte kaffi føretrakk erstatninga. Likevel gjekk det ned, det var jo trass alt det nest beste, var det ikkje?

Vi les i Bibelen og syng rett som det er i songar at Gud skapte oss for at vi skulle vere nært knytt til han, og at det er det beste for oss. Men vi har så utruleg lett for å knyte våre håp, vår verdi og vår identitet til eitt eller anna som vi løftar opp og gjer til det viktigaste i livet vårt.

I denne serien vil vi prøve å avsløre korleis ting som egentleg er gode i seg sjølv kan bli guds-erstatningar. Kvifor ta til takke med det nest beste, erstatninga, når den ekte livgjevande varen er gratis tilgjengeleg for alle?

## litt om tema

Heilt frå den hottaste teknologien gjekk ut på å gni to pinnar mot kvarandre har vi menneske vore djupt fascinert over moglegheitane som ligg i teknologisk utvikling.



I vår tid går utviklinga raskare enn nokon sinne, og det som var banebrytande i fjor er vanleg i dag og avleggs til neste år. Teknologien, som er vitskap sett ut i praksis, har gjeve oss lengre og betre liv, enorme kommunikasjons- og utdanningsmoglegheitane og gitt oss ein enklare kvardag på mange ulike felt.

Men kva skjer med oss når våre største draumar er knytt til den neste produktlanseringa frå Apple, eller når vi knyter identiteten og verdien vår til standarden på dingsane våre? Eller når teknologiske framtidvisjonar erstattar vårt kristne håp om at Gud skal gjere alle ting nye og gi oss eit evig liv i ein ny kropp?

# GLINSANDE DINGSAR OG PILLA SOM ORDNRAR ALT



## Les teksta

Matt. 13, 10- 23



Bibel

## -vegleiande spørsmål:

- Kva kan gjere at vi høyrer og høyrer utan å forstå, at vi ser og ser utan å skilje? Kva har gjort «hjartet vårt feitt»?
- I forklaringa si peiker Jesus på tre typar mottak som gjer det vanskeleg for evangeliet å slå rot. Kva for ei av desse grøftene har de lettast for å falle i?

## -den ærlege samtalen



Fellesskap

- Er teknologi positivt eller negativt for oss? Eller er det noko bakom som avgjer om det blir bra eller dårleg?
- Mange brukar fastetida til å frigjere seg frå elektronikk i staden for frå mat. Korleis ville det slått ut for deg, trur du?



Misjon

## - gjennom deg og vidare

Kva effekt har det på truverdet vårt om vi er avhengige av Google eller Wikipedia for å forklare evangeliet til folk? Kva er viktig å kunne seie heilt utan hugsehjelp?



Raushet

## - takksam deling

Korleis kan vi som kristne dele det vi har fått på sosiale medier slik at vi formidlar glede over evangeliet? Kva er fallgruvane vi må unngå?

Finst det teknologi som verkeleg frigjer folk og som vi kan sjå som Guds gode reiskap?

"Ingen naturlege kjensler er opphøgde eller låge, heilage eller ugudelege i seg sjølv. Dei er alle heilage når Guds hand har styringa. Dei vert alle forderva når dei riv seg laus og gjer seg sjølv til avgudar".

-C.S. Lewis,  
*Den store skilsmissa (1944)*



Bøn

## - takk, bøn og forbøn

- Be om hjelp til å kunne bestemme over teknologibruken dykkar, slik at ikkje teknologien blir herre over dykk.
- Be Gud om å minne dykk på alle dei gongene han prøver å oppnå kontakt, men får opptattsignal.
- Takk for at framtidshåpet vårt om ein ny kropp på den omskapte jorda er for alle, ikkje kun dei rikaste og smartaste.
- Del gjerne bønneemne og be for kvarandre

Måten vi veks på som kristne er å lære oss å skilje ut kva som er Guds tale til oss og så handle på det. Av alle samtalanene, tekstane og bønene i dag: Kva har blitt ståande som viktigast? Under kan du skrive kva det er, og kva slags respons du vil gje dette. Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

Kva hørde eg?

Kva gjer eg med det?



-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode